



Latviarar og kvinnheringar syng saman på Husnes. Kristian Bringedal og Indulis Skrebelis står sentralt i bildet og ein kan også sjå uskedelingane Kjell Magne Haugland og Oscar Langballe. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Publikum reiste seg og trampeklappa for det latviske koret Atskana etter at det hadde bergteke publikum i Kulturhuset på Husnes under 1.mai-arrangementet. Det song også strålande saman med vertskoret Røyserett for alle.

Dagens hovudtalar. leiar i Hordaland Ap Sveinung Valle var minst like imponert som dei andre og hadde denne kommentaren til samsangen: - No har vi verkeleg fått høyra kva internasjonalt samarbeid kan gje til resultat. Eg trur ikkje nokon andre i Hordaland får oppleve maken i dag.



Ginta Petersone er ein dyktig kunstnarleg leiari for koret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vart ein lang og hektisk førstedag for dei 44 songarane i koret som i fjor sommar kom på tiandeplassen av 24 finalistar i den nasjonale kortevlinga i heimlandet. Det var første gongen dei deltok i denne tevlinga og dei var svært nøgde med resultatet.



Atskana syng på Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Først på programmet fredag stod ein rundtur i sentrum med Kristian Bringedal som guide. Ikkje unaturleg var vitjing i kyrkja siste post under rundturen og vitjinga enda med at latviarane spontant song 'Fadervår'. Dei har mykje på lager til konserten i Kvinnherad kyrkje laurdag ettermiddag.



Det er ikkje nokon kyrkjekonsert i Uskedalen under den latviske vitjinga, men Atskana gav eit lite spontan-nummer då dei vitja kyrkja fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men høgdepunktet denne første dagen var koret sitt bidrag til 1.mai-markeringa på Husnes. Særleg gjorde framføringa av ein long folkesongsyklus med sommar som hovudmotiv eit sterkt inntrykk og ikkje berre songen medverka til det. I like stor grad vart publikum imponert over koreografien som var prega av ein fantastisk presisjon samstundes som han var mjuk og elegant.

Litt spente var nok medlemmene av Røyserett for alle då dei som avslutning skulle syngja ein latvisk folkesong som dei hadde øvd på berre ein gong saman med gjestekoret. Men for å bruka eit sportleg uttrykk satt songen som ein innertiar og lover godt framfor meir samsong seinare under vitjinga.

Siste post på fredagsprogrammet var ein utflukt til Halsnøy Kloster, der dirigenten for Røyserett for alle Maria Malmsten residerer no for tida. Det gjer ho, ikkje uventa, med stor tyngde både med omsyn til kunnskapsforråd og engasjement og ho gav gjestane ein grundig historisk skuletime.

Dottera hennar, 11 år gamle Tiril Eirunn Einarsdotter, viste påny at ho er ein lovande fiolinist og vi gler oss til å høyra henne att i Aktivitetshuset i Uskedalen søndag.

Av Ola Matti Mathisen



Torill Eirunn Einarsdóttir (11) imponerte på Halsnøy Kloster . Til høyre står ei stolt mor, Maria Malmsten. (Foto: Ola Matti Mathisen)